

---

Til	Vår saksbehandlar	Vår dato	Vår referanse
Statsforvaltaren i Vestland	Cato Dørmænen	25.04.2023	2013/1140-39/314
Postboks 7310		Tidlegare dato	Tidlegare referanse
5020 Bergen			18/996

## Uttale til 1. gong offentleg høyring av kommuneplanens arealdel 2023, Austevoll kommune, Vestland.

Viser til oversendte høyringsdokument i samband med 1.gangs høyring av kommuneplanens arealdel for Austevoll kommune.

Forsvarsbygg uttaler seg, for å avverje at vitale militære interesser vert forringa ved nye planvedtak og har motsegnskompetanse til planer etter plan- og bygningslova . Utgangspunktet vil alltid være at Forsvarets faste tilstadevering har bakgrunn i ei nasjonal slutning om lokalisering, og at den militære verksemda som gjennom denne slutninga er tiltenkt å være på staden, må kunne vidareførast.

Denne høyringsuttalen vert også adressert til Statsforvaltar Vestland i tråd med samordningsansvaret for motsegner.

**Planforslaget medfører eit motsegnbehov frå Forsvarsbyggs side, knytt til følgjande forhold;**

### **Områder avset som Skyte- og øvingsfelt i sjø – SØF sjø.**

I plankartet er Forsvarets skyte- og øvingsfelt avset på ein god måte med eiga omsynssone, rettidig teiknforklaring og med riktig visning kva gjeld heimelsbruk. Det vi derimot registrerer er at det vert lagt opp til nye områder for akvakultur innanfor Forsvarets skyte- og øvingsfelt, som vi ikkje kan akseptere. Samtidig er det manglar med tilhøyrande føresegn som lyt få formuleringar og endringar for å oppnå tilstrekkeleg ivaretaking av nemnte områder.

I søndre del av SØF Korsfjorden er et lagt opp til utviding av formål akvakultur. Denne utvidinga vil kunne akseptert dersom den vert halvert i si utstrekning austover og ut i Langenuen. Og at ein dermed trekker områda avsett til akvakultur nærmare land.

I SØF Stolmen, som har sin start ved området Møkster, er det lagt inn, slik vi klarer å lese det, eit nytt felt med formål akvakultur som strekker seg nord-sør like aust av øyane Slåttarøya og Mågasteinane. Nytt formål akvakultur vil i dette området, forringe Forsvarets bruk av SØF Stolmen og kan ikkje akseptertast.

**Føresegner;**

Til omsynssonene er det utforma følgjande føresegner;

*§ 2-34 H Omsynssone for militær verksemd (H380)*

*(1) Omsynssone for militær verksemd er angitt med kode H380 i plankartet og viser Forsvarets skyte og øvingsfelt.*

*(2) Sona omfattar Forsvaret sitt skyte- og øvingsfelt i sjø. Ved søknad om tiltak innanfor sona skal søknad bli sendt på uttale til Forsvaret før vedtak i saka.*

*(3) Akvakulturanlegg og andre anlegg i sjø er tillate der dette er i tråd med arealformålet.*

*(4) Ved vurderingen av om det skal gis dispensasjon frå arealformålet i sjø skal det tas omsyn til Forsvarets bruk av området og uttale frå Forsvaret skal tilleggst særleg vekt.*

*(5) Fiskeri er å rekne som ambulerande verksemd, og kan gå føre utan særskild søknad til Forsvaret.*

Føresegnene må innehalde eit punkt som hindrar etablering av nye faste installasjonar innanfor Forsvarets skyte- og øvingsfelt.

Forsvarsbygg har utforma forslag til føresegn som er synleggjort i vår vegleiar og som har følgjande ordlyd – «Det kan ikkje tillatast faste anlegg i sjø som akvakulturanlegg og liknande».

Ved innplassering av nemnte ordlyd finn vi at resterande føreslegne punkter 2-5, er unødvendige og må fjernast.

Inntil denne ordlyden er innplassert som del av føresegnene vil vi måtte inngi motsegn.

### **Faglege råd/merknader;**

Som følgje av ovannemnde motsegner rår vi til at det vert gjort ei endring av også føresegn §1-18.

Føresegna slik den har ordlyd i planforslaget, vil leie til motstrid og tvetydighet innbyrdes i føresegnene (§-1-18 versus § 2-34). Formuleringane slik dei er føreslegne, leier til at føresegnene står opp mot kvarandre og det vil være uklart kven som har legitim rett til respektive områder og bruk av desse.

Forsvarsbygg rår til at det bli gjort presiseringar og endringar knytt til ordlyd i føresegnene, slik at ein unngår motstrid og uklare tydingar innbyrdes i føresegnene. Dette kan løysast enten ved å formulere eit unntak for militær verksemd i §1-18, eller at ein fjernar føresegna i si heilheit. I denne samanheng viser vi også tilbake til motsegna ovanfor, kva gjeld vårt krav til føresegn i § 2-34.

### ***Merknader;***

Av plankartet er det avsett stipla linjer i sjø, som etter det vi kan sjå av teiknforklaringa, er «motorferdsel i utmark». Det er litt uklart kva dette inneber og vi viser til våre motsegner at dersom dette medfører «faste installasjonar» innanfor Forsvarets skyte- og øvingsfelt, så vil vi kunne motsette oss dette. Merknaden er i denne samanheng gitt for å få avklart dette forholdet.

### **Oppsummering,**

Vi melder med dette motsegn til det ovannemnte og som gjeld nytt og deler av nytt område for akvakultur innanfor Forsvarets SØF i sjø, høvesvis SØF Stolmen og SØF Korsfjorden.

Det vert også inngitt motsegn til føresegn § 2-34 med visning til at det må leggest inn formulering som hindrar etablering av nye faste installasjonar.

Jan Erik Johansen  
Avdelingsdirektør

Eigedomsforvaltning

Forsvarsbygg

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og derfor ikkje signert.